



Fortunen AS
Torgalmenningen 7
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3254 - 16/16464

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
29.08.2016

Godkjenning - igangsettingsløyve av resterande delar av tiltak, tilbygg Sagstad skule, gbnr 24/27.

Administrativt vedtak. Saknr: 290/2016

Tiltakshavar: Meland kommune v/ordfører
Ansvarleg søkjar: Fortunen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 1

Saksutgreiing:

Fortunen AS har på vegne av Meland kommune søkt om igangsettingsløyve for resterande del av tiltak – tilbygg til Sagstad skule, gbnr 24/27.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 58/2016 – dagsett 07.03.2016. Igangsettingsløyve for deler av tiltaket – riving og grunn-/betongarbeid - er gitt i administrativt vedtak, sak1982/2016 – dagsett 09.06.2016.

Det ligg føre samtykke til tiltaket frå Arbeidstilsynet dagsett 01.04.2016.

Planstatus:

Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) regulert til offentlege tjenesteyting (OT_2.) Tiltaket er samsvar med arealformålet.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling .

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 18.08.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterende, utførande og kontrollerende, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for resterande del av tiltak – tilbygg til Sagstad skule, gbnr 24/27, jf søknad med vedlegg motteke 19.08.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 18.08.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

24-27

Kopi til:

Meland kommune v/ordfører

Øyvind H. Oddekalv

Meland kommune v/prosjektleder

Ronny Landaas

Mottakere:

Fortunen AS

Torgalmenningen 5014

7

BERGEN